



HUSTADVIKA KOMMUNE
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Guro Gjenstad, 71 25 84 29

Hustadvika kommune - tilsynsrapport 2021.313.I.SFMR

Denne rapporten handlar om resultatet frå ein tilsyn som blei gjennomført digitalt 11.05.2021 med Hustadvika kommune. Tema for tilsynet var kommunen som myndighet for forsøpling og forureina grunn. Det blei halde sluttmøte 21.05.2021 der Statsforvaltaren sine funn blei gjennomgått. Rapporten blir rekna som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at den er mottatt.

Desse personane var til stades under tilsynet:

Frå Hustadvika kommune:

John Olav Gautvik, einingsleiar for plan og byggesak

Jermund Vågen, einingsleiar for landbruk og miljø

Martine Lange Sætre, fagleiar for byggesak

Trygve Siira, rådgjevar for landbruk og miljø (deltok ikkje på sluttmøtet)

Lage Lyche, kommunalsjef for samfunnsutvikling og bærekraft (deltok ikkje på sluttmøtet)

Frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:

Christian Dahl

Guro Gjenstad

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har avdekt 1 avvik og gir 2 merknadar.

Avviket gjeld:

Kommunen oppdaterer ikkje databasen *Grunnforurensning*.

Avvik og merknader er nærmare skildra i punkt 3 og 4 i rapporten.

Hustadvika kommune må før 13.09.2021 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avviket er retta.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar

Guro Gjenstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Namn: Hustadvika kommune	Anleggsnummer: 1579.0129.01
Bedriftsnr. for undereininga: 974545276	Eigd av (organisasjonsnr.): 921133642
Kommune: Hustadvika	Anleggsaktivitet: Generell offentlig administrasjon
Kontrollnummer: 2021.313.I.SFMR	

2. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet blei gjennomført som ein del av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si plan for 2021 om å kontrollere kommunane som forvaltarar av miljølovgjevinga. Formålet med tilsynet var å vurdere om kommunen oppfyller dei krava som blir stilt til kommunen som myndigkeit for forsøpling og forureina grunn.

Rapporten dreier seg om avvik og merknader som blei avdekkja under tilsynet og gir inga fullstendig vurdering av korleis kommunen utøver si myndigkeit.

3. Avvik

Avvik blir definert som manglende etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Statsforvaltaren fant følgjande avvik:

Avvik 1

Kommunen oppdaterer ikkje databasen *Grunnforurensning*.

Avvik frå:

Forureiningsforskrifta § 2-9 fjerde ledd, jf. også matrikkelforskrifta § 61.

Kommentarar:

Databasen *Grunnforurensning* blir lite brukt av Hustadvika kommune. Det er berre ein tilsett som har brukartilgang til databasen. I kommunen sine rutinar for registrering står det at ansvaret for registrering ligg hjå eininga for landbruk og miljø, men ingen tilsette i den eininga har tilgang til databasen.

I databasen skal alle stader der det er forureining i grunnen, registrerast. Det same gjeld for stader der det er mistanke om forureining. Informasjonen skal registrerast så snart den er kjent for kommunen, og databasen skal haldast oppdatert. F.eks. må stader der det har vore brann eller der brenning av avfall har funne stad, registrerast. Kommunen får meldingar frå brannvesenet når brannvesenet har fått tips om eller rykka ut til stader der det brenn utan at det er gitt løyve til bålbranning, men sakene blir vanlegvis ikkje registrerte i *Grunnforurensning*.

Kommunen manglar oversikt over område der ein mistenkjer at det er forureina grunn. Kommunen kjenner til fleire stader der den har mistanke, men desse stadene er ikkje registrerte. Det blir



vanskeleg å behandle saker etter forureiningsforskrifta kap. 2 om bygging og graving i forureina grunn så lenge databasen ikkje er i aktiv bruk. Dette aukar også risikoen for at forureina massar blir flytta til andre stader utan at ein er klar over at massane ikkje er reine. Kommunen har så langt inga erfaring i å godkjenne tiltaksplanar eller behandle sluttrapportar for terrenginngrep i forureina grunn.

Det finst fleire lokalitetar i *Grunnforurensning* som har ligge der lenge, men der kommunen ikkje har varsle grunneigar og dermed heller ikkje godkjent lokaliteten slik at den blir synleg for allmenta.

4. Merknader

Merknad blir definert som eit tilhøve som tilsynsetaten meiner er nødvendig å påpeike for å ta i vare det ytre miljøet, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Det blir gitt merknad for desse tilhøva:

Merknad 1

Kommunen manglar mål og handlingsplan når det gjeld ulovleg avfallshandtering.

Kommentarar:

Kommunen har ein retningsplan som har berekraftig utvikling som eit mål, men det er ingen tydelege mål som gjeld forsøpling og brenning av avfall. Eit klart mål og ein tilhøyrande handlingsplan vil gi kommunen oversikt over status på dette fagområdet og eit grunnlag for betre å kunne planlegge og gjennomføre plikter og utøve myndighet på ein systematisk måte. Ein handlingsplan bør vere politisk forankra og basert på ei kartlegging og risikovurdering av ulovleg avfallshandtering i kommunen.

Denne merknaden er den same som blei gitt i kontrollrapporten Statsforvaltaren skreiv til Eide kommune etter ein brevkontroll med kommunane i fylket i 2017. Eide kommune opplyste etter dette at ein handlingsplan for ulovleg avfallshandtering ville inngå i arbeidet med å lage felles planverk og strategiar for den nye Hustadvika kommune. Denne handlingsplanen manglar i den nye kommunen.

Merknad 2

Kommunen manglar ei kartlegging av ulovleg avfallshandtering.

Kommentarar:

Kommunen avdekkjer ikkje tilhøve som gjeld ulovleg avfallshandtering via eigeninitierte tilsyn eller kartlegging av situasjonen i kommunen.

Kommunen har etter § 48 i forureiningslova ansvar for tilsyn med forureinings- og avfallssituasjonen i kommunen innan sitt myndigheitsområde. Dette omfattar avdekking av forsøpling, ulovlege avfallspllassar (typisk i form av såkalla villfyllingar og andre lagringspllassar for avfall) og brenning av avfall. Hustadvika kommune tar imot meldingar om ulovlege tilhøve, men har ikkje sjølv tatt initiativ til å få oversikt over tilhøva i kommunen.



5. Oppfølging etter tilsynet

Hustadvika kommune har plikt å rette opp det avviket som er skildra i denne rapporten så snart som mogleg. For at Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saka, må kommunen innan 13.09.2021 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avviket er retta.

Vi ber om at de sender svarbrev på e-post til sfmrpost@statsforvaltaren.no eller på papir til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde, merka med saksnummer. Saksnummeret er 2021/1257.

6. Offentlegheit

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for offentlegheita via postjournalen til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, jf. offentleglova.

7. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova) med underliggende forskrifter
- *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta)

8. Informasjon

Til informasjon er dette vedlagt:

1. Miljødirektoratet sitt faktaark M-813/2017 «Grunnforurensning – bransjer og stoffer»
2. Kopi av brevet «Rettleiing på nett i temaet forureina grunn» sendt frå Fylkesmannen til kommunane i 2020. Dette inneholder lenker til databasen *Grunnforurensning*, eit nettkurs i bruk av databasen og ein rettleiar for arbeid med kapittel 2.



Mulig forurensning i grunnen kan variere med type bransje Foto: Miljødirektoratet, Isabelle Thelin

Grunnforurensning– bransjer og stoffer

Dette er en oversikt over mulige forurensninger som kan ligge i grunnen etter ulike typer bransjevirksomhet. Listen er ikke uttømmende og forurensning må vurderes i hvert enkelt sak.

Bransje	Mulig forurensning
Akkumulatorfabrikker	Bly, krom, nikkel, kadmium, arsen, syre
Asfaltverk/tjærevirksomhet	PAH og fenoler, olje, løsemidler
Avfallsdeponier	Tungmetaller, klorerte og ikke-klorerte løsemidler, fenoler, olje, bromerte flammehemmere, perfluorerte forbindelser, bisfenol A osv
Bensinstasjoner	Bensin, diesel og andre oljeprodukter, BTEX, bly og andre tungmetaller, PAH, MTBE, klorerte løsemidler, glykoler
Billakkering	Metaller som bly, kadmium og krom, klorerte løsemidler og ikke-klorerte løsemidler (feks acetone og metanol), PAHer og andre tjæreprodukter, oljeprodukter som bensin, terpentin og fyringsolje
Bilverksteder	Oljeprodukter som spillolje, bensin, petroleum, terpentin og fyringsolje, metaller som sink, bly, kadmium, kobber og kvikksølv, PAHer, klorerte og ikke-klorerte løsemidler, glykoler, fenoler
Brannøvingsfelt	PFOS og andre perfluorerte forbindelser, olje, PAH, tungmetaller
Elektroteknisk industri	Tungmetaller, klorerte og ikke-klorerte løsemidler, benzen, toluen, PCB, PAHer, dioksiner, furaner, cyanider
Farmasøytsk industri	Løsemidler som toluen, benzen, heksan, formalaldehyd, klororganiske stoffer, cyanider, kvikksølv, fenoler, sink, arsen, medisinske råvarer og ferdigvarer som hormoner og antibiotika
Galvanisering	Metaller som arsen, bly, krom, kobber, nikkel, sink og kadmium, cyanider, klorerte løsemidler som trikloretylen, oljeprodukter for eksempel fyringsolje og oljeslam.

Bransje	Mulige forurensninger
Gartnerier	DDT/DDE og andre plantevernmidler, olje, PCB, tungmetaller, dioksiner
Garverier	Løsemidler, klororganiske stoffer, krom, kadmium, kobber, nikkel, arsen, sink, kvikksølv, oljeprodukter
Gassverk	etanoler, tjære(PAH), cyanider, svovel, kvikksølv, benzen, toluen, xylen
Glassull/mineralull	Fenoler, formalin
Gruver og oppredning	Tungmetaller, cyanider, aromater, olje, fenoler
Gummiproduksjon	Tungmetaller, cyanider, benzen, toluen, fenoler, PAH, klorerte hydrokarboner, uorganiske og organiske S-forbindelser
Industrilakkering og overflatebehandling	Løsemidler, klororganiske stoffer, olje
Kjemisk råstoffindustri	Løsemidler, klororganiske stoffer, arsen, krom
Korn- og forprodusenter	Kvikksølv, kobber, sink
Maling-, lim- og lakkindustri	Klororganiske stoffer, klorerte og ikke-klorerte løsemidler, fenoler, arsen, krom, kobber, kadmium, bly, sink, ftalater, organiske P-forbindelser, PCB, olje,
Metallurgisk industri	Tungmetaller, fluorider, cyanider, klorerte og ikke-klorerte løsemidler, olje, PAH, PCB
Oljelagre og raffinerier	Olje, BTEX, bly, PAH, MTBE, tungmetaller, klorerte løsemidler, glykoler
Plantevernmiddel- lagring og - distribusjon	Klorerte hydrokarboner, plantevernmidler, kvikksølv-, tinn og arsen, fenoler, benzen, xylen
Plastindustri	Klorerte og ikke-klorerte løsemidler, tungmetaller, cyanider, ftalater, fenoler, aromater, klorerte hydrokarboner, fosfororganiske flammehemmere
Renserier	Klorerte løsmidler som trikloretylen og tetrakloretylen, freon, oljeprodukter som bensin, fyringsolje og terpentin
Skraphandlere og bilopphugging	Oljeprodukter som bensin, smøre–og hydraulikkolje, metaller som bly, sink, kadmium, kobber, krom og nikkel, PCB, PAH, glykoler, klorerte løsemidler
Skytebaner	Bly, kobber, antimon, sink, PAH (leirduer)
Småbåthavner	Tinnorganiske stoffer/ TBT, tungmetaller (spesielt bly, kobber, sink), PCB, PAH, olje, andre bunnstoff
Skipsværft og båtslipper	Løsemidler, tungmetaller som arsen, bly, kadmium, kobber, krom og kvikksølv, olje, bunnstoff som TBT, TCEP

Bransje

Sprøytemiddelproduksjon

Støperier, jern- og stålverk

Tekstilvare og impregnéringsvirksomheter

Treforedling og papirindustri

Treimpregnering

Trykkerier

Tråd- og fiberproduksjon

Vulkaniseringsbedrifter

Mulige forurensninger

Løsemidler, klororganiske stoffer, pesticider, arsen, kvikksølv, krom, kobber

Kadmium, kobber, krom, arsen, nikkel, bly, sink, molybden, olje, fenoler, BTEX, klororganiske stoffer

Løsemidler, fenoler, klororganiske stoffer som PER og PCP, krom, kadmium, nikkel, kobber, cyanider, PAH, olje, perfluorerte forbindelser, brommerte flammehemmere

Sulfater, fenoler, aromater, olje, klorerte hydrokarboner, kvikksølv, PCB

Metaller som arsen, tinn, kobber og krom, tjæreolje (kreosotolje), fluor, fenoler, pentaklorfenol, PAH'er, oljeprodukter som fyringsolje

Klorerte og ikke-klorerte løsemidler, fenoler, klororganiske stoffer, bly, kobber, kvikksølv, krom, nikkel, cyanider, PAH, olje, ftalater

Tungmetaller, klorerte og ikke-klorerte løsemidler, aromater, fenoler, olje

Olje, løsemidler, klororganiske stoffer

KILDER

- SFT 720/1991
- Eirik Wærner/Miljøsanering
- NGU 2008.037/Silje Salomonsen
- Klif TA-1979/2003
- Regionernes Videncenter for Miljø og Ressourcer- Branchebeskrivelser

LES MER HER:

www.miljostatus.no
www.miljodirektoratet.no/kjemikaliesok
www.miljodirektoratet.no



Vår dato:

18.03.2020

Vår ref:

2019/4363

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

«MOTTAKERNAVN»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«ADRESSE»

Guro Eidskrem Gjenstad, 71 25 84 29

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Rettleiing på nett i temaet forureina grunn

Vi viser til tidlegare utsendt invitasjon til kurs om forureina grunn. Kurset var planlagt gjennomført 24. mars, men blir avlyst grunna restriksjonar knytt til den pågåande pandemien.

Databasen Grunnforurensning finst på <https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/>. Alle kommunar må ha minst ein brukar i denne basen.

Trass i avlyst kurst, ønskjer Fylkesmannen likevel å kunne hjelpe til med rettleiing når det gjeld temaet forureina grunn, og vi oppmodar derfor alle aktuelle saksbehandlarar i kommunane om å ta dette [nettkurset i databasen Grunnforurensning](#) som Fylkesmannen i Nordland har laga. Det fungerer best i nettlesaren chrome.

Vi vil også oppmøde kommunane om å registrere i *Grunnforurensning* alle lokalitetar som kommunen kjenner til der det er mistanke om forureina grunn. Dette er bl.a. viktig i samband med kommunen sine plikter når det gjeld saker om bygging og graving i forureina grunn. Dette gjeld kapittel 2 i forureiningsforskrifta. Hjelp til arbeid med kapittel 2 finn de i Miljødirektoratet sin rettleiar [M-280/2017](#).

URL:

Kurs: <https://companycast.live/webcast/197e53nn/>

Rettleiar: <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M820/M820.pdf>

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
fagkoordinator

Guro Eidskrem Gjenstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

**Mottakere:**

Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Sykylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Fjord kommune	Olavsgata 10	6210	VALLDAL
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD